



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 04.11.2019

Møtestad: Austrheim kommunehus, møterommet Børilden

Møtetid: 09:00 - 15:00

Budsjett

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	Ap	Ordfører
Inger Lise Brekke	H	Varaordfører
Morten Sognes	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KrF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	Sp	Medlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Rådmann Liv Løvvik

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme

Økonomisjef Olav Birger Andersen

Assisterande rådmann Olav Mongstad

Møtesekretær Ketil Tjore

Austrheim 14. november 2019

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
085/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
086/19	Godkjenning av møteprotokoll
087/19	Høyringsvar - fritt skuleval til vidaregåande skule
088/19	Statusrapport for prosjektet Strategisk eigedomsforvaltning - nytt kommunestyre
089/19	Arbeidsmøte formannskapet - Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023
002/19	Orientering om masseuttak ved Leirvågkrysset

085/19: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

04.11.2019 FORMANNSKAPET

Ordføraren kommenterte at sakspapira var sende ut på kort varsel denne gongen, men at det vanlege er at innkallingar til formannskapet vert sende ut 14 dagar før møtet.

Seinare i same møte ba økonomisjefen om godkjenning for at innkallinga til neste møte, 21. november, vert sendt ut ei veke før møtet. Dette for å få betre tid til å jobba med budsjettet. Formannskapet sa ja til dette.

Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

FS - 085/19 - 04.11.2019 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

086/19: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

04.11.2019 FORMANNSKAPET

Protokollen frå formannskapsmøtet 24. oktober var ikkje klar då innkallinga vart sendt ut til møtet 4. november. Denne protokollen kjem såleis til godkjenning i det neste formannskapsmøtet, 21. november.

FS - 086/19 - 04.11.2019 - Vedtak:

Ingen protokoll å godkjenna.

087/19: Høyringsvar - fritt skuleval til vidaregåande skule

Rådmannen sitt framlegg:

Framlegg A

Austrheim kommune meiner det er mest hensiktsmessig at Fylkeskommunane framleis skal ha ansvaret for å fastsetja reglane for fritt skuleval eller ikkje i eige fylke. Austrheim kommune ønskjer derfor å behalde reglane for organisering av inntak til vidaregåande skular slik dei er i dag.

Framlegg B

Fylkeskommunane skal innføra fritt skuleval i heile fylket eller fritt skuleval innanfor fastsatte inntaksområde i fylket.

Framlegg C

Fylkeskommunane skal innføra fritt skuleval i fylket, og kan berre fastsetta inntaksområde dersom det kan grunngjevast i store avstander eller trafikale forhold.

04.11.2019 FORMANNSKAPET

Helge Dyrkolbotn (KrF) orienterte kort om dette med fritt skuleval sett frå skulen si side (han er tilsett ved Austrheim VS). Fritt skuleval kan slik skulen ser det, gje mindre elevtilgang til AVS, og det er viktig at kommunen gjev uttale i denne høyringsrunden.

Inger Lise Brekke (H) sa at elevane sjølv må få velja kva skule dei vil gå på, anten dei vil inn på ei spesiell eller vil gå på ein annan skule, og la til at Høgre er for fritt skuleval. Sa vidare at ho ikkje synest det er rett å bruka elevane til å sikra grunnlag for skulen, AVS må jobba på ein annan måte der ein sikrar at skulen er så attraktiv at elevane vil dit. Det er viktig at ein jobbar for linjer som gjer skulen attraktiv, slik det vert gjort no, heller enn å låsa ungdommane fast i eit geografisk område.

Brekke spurte om kvifor det i saksframlegget er teke inn tre alternativ til høyringsvar, mot to framlegg i høyringa.

Assisterande rådmann Olav Mongstad svara at grunnen til at det er tre alternativ til høyringsvar, er at framlegg C gjev litt meir grunngjeving for standpunktet. Mongstad sa vidare at saksframstillinga er felles i kommunane i Fedje, Austrheim, Gulen og Solund, der rådmennene er samde om at kommunane må gje uttale.

Inger Lise Brekke (H) spurte om kvifor administrasjonen denne saka som meir politisk enn fagleg. Rådmann Liv Løvvik svara at det er eit reint politisk val om det skal vera fritt skuleval eller ikkje, og la til at ho reknar med at alle dei vidaregåande skulane har fagleg kvalitet på plass.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at fritt skuleval som system fungerer best i byar der avstandar betyr lite, og ein raskt når kva skule som helst. Med heilt fritt skuleval kan dei aller beste elevane gjerne søka seg til dei skulane som er mest pop, og om det er til dømes er Amalie Skram VS i Bergen sentrum så taper elevane her i Austrheim på det. Å seia nei til fritt skuleval kan sikra skulen her i Austrheim.

Inger Lise Brekke (H) sa at dersom elevane ikkje skal få ha fritt skuleval så vert det som å halda elevane som gislar for skulen her.

Morten Sognes (H) spurte og fekk stadfesta at det er fritt skuleval i Hordaland i dag. Sognes sa vidare at det er dumt om AVS vert ein B-skule, der dei med best karakterar søker seg andre plassar.

Rådmann Liv Løvvik sa at risikoen for AVS og andre små skular er at skulestrukturen vert endra, dersom fritt skuleval gjev færre søkarar. Då kan AVS og andre små vidaregåande skular bli lagde ned. For Austrheim kommune som vertskommune er det viktig med ein VGS-skule her, og at ein kjempar for å ha dei beste linjene ved skulen. Ungdommar vert ofte buande i den regionen der dei tek utdanninga si.

Handsaming i formannskapet:

Votering: 3 mot 2 røyster for framlegg A. Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp), Helge Dyrkolbotn (KrF) og Per Lerøy (Ap) røysta for framlegg A. Inger Lise Brekke og Morten Sognes (begge H) røysta for framlegg B.

Rådmannen får mynde til å leggja svaret inn i skjemaet for høyringssvaret.

FS - 087/19 - 04.11.2019 - Vedtak:

Austrheim kommune meiner det er mest hensiktsmessig at Fylkeskommunane framleis skal ha ansvaret for å fastsetja reglane for fritt skuleval eller ikkje i eige fylke. Austrheim kommune ønskjer derfor å behalde reglane for organisering av inntak til vidaregåande skular slik dei er i dag. Rådmannen får mynde til å leggja svaret inn i skjemaet for høyringssvaret.

088/19: Statusrapport for prosjektet Strategisk eigedomsforvaltning - nytt kommunestyre

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim tek prosjektrapporten for strategisk eigedomsforvaltning til vitande.

04.11.2019 FORMANNSKAPET

Denne prosjektrapporten vart lagt fram for det førre formannskapet tidlegare i haust, handsaminga vart då utsett for at partigruppene skulle få sjå nærare på rapporten og diskutera den.

Rådmann Liv Løvvik sa at Fylkesmannen har vist til at Austrheim kan selja eigedommar for å redusera gjelda si. Kommunen må ned 31 millionar i gjeld for å komma ned på snittet for alle kommunar, eller ned 26 millionar for å komma ned på snittet for kommunegruppe 2.

Assisterande rådmann Olav Mongstad og avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø Asbjørn Nagell Toft gjekk gjennom lista over dei areala som er nemnde i rapporten, og det vart forklart og vist på kartet.

Rådmann Liv Løvvik presiserte at dersom ein skal rekka å få budsjetteffekt av eit sal i 2020, så må ein selja areal som er ferdig regulert. Løvvik sa vidare at dersom eit sal vil krevja at kommunen finn ny plassering av teneste/tilsette, så vil det også krevja investeringar og ta tid.

Om arealet på Ytre Kjerringa sa ordførar Per Lerøy (Ap) at det ikkje var interessant å selja dette aleine, det er evt. dersom ein sel heile Rongevær kurs- og konferansesenter med dette arealet i tillegg.

Olav Mongstad opplyste om at drifta av Rongevær kostar kommunen rundt 200.000 kroner netto i året. Kommunen har vore i kontakt med andre for drift av Rongevær, utan å nå fram, og ein har også sett drifta ut tidlegare utan gode erfaringar.

Asbjørn Toft sa at ein gjerne bør ta kontakt med ideelle organisasjonar for drift av Rongevær kurs- og konferansesenter, medan rådmann Liv Løvnik sa at ein helst bør få inn profesjonelle, for å vera sikra at bygningsmassen vert vedlikehalden.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det mest interessante for Rongevær kurs- og konferansesenter hadde vore ein kystleirskule.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) viste til at begge skulane i Austrheim brukar Rongevær i dag, og at denne dagen dei har der er utruleg viktig for elevane.

Morten Sognes (H) sa at ein kanskje kan ta kontakt med BOF, som har erfaring med å drifta denne typen anlegg.

Per Lerøy (Ap) sa at ein må ta vare på eigedommen på ein betre måte enn i dag, kanskje få inn profesjonelle organisasjonar som kan bruka dette, kanskje Røde Kors eller Redningssselskapet? Men i utgangspunktet skal ein halda på denne eigedommen som kommunal.

Asbjørn Toft sa om 128/68 (areal på Mongstad) at det er taksert til rundt 5-6 millionar kroner, og det kan seljast saman med Equinor sitt tilstøytande areal mot rundkjøringa.

Helge Dyrkolbotn sa at ved eit sal av 128/68 så må ein vera kritisk til kven som skal bruka det, og ikkje få eit lager på denne plasseringa like ved innfallsporten til kommunen.

Per Lerøy sa at denne tomten på Mongstad skal det vera mogleg å selja, sjølv om andre tomter på Mongstad kan vera trege å selja. Det må vera mogleg å få 320-330 kroner per kvadratmeter.

Inger Lise Brekke (H) spurte om det er mogleg å samarbeida med Alver for utvikling og sal av areal på Mongstad.

Liv Løvnik sa at det er lettare å selja areal som er ferdig regulert. Kommunen kan vurdere å gjere arealet heilt ferdig, med vatn og avlaup, og sjå det som ei investering som ein vil få tilbake.

Asbjørn Toft sa at det kan vera lettare å selja om ein planerer og gjer arealet klart. Men kommunen kan gjerne stilla krav om utbygging innan ei viss tid, og leggja det tydeleg inn i salskontrakta.

Morten Sognes (H) sa at i dette arealet er det ikkje massebalanse, og la til at kommunen bør ta kontakt med entreprenørar som har overskot med stein i dette området, og sjå om dei vil ha interesse av å leggja att steinmassar frå utbygging andre stader.

Per Lerøy (Ap) konkluderte diskusjonen med at for dette arealet (128/68) så er det semje om at ein kan gå inn for sal.

Eigedommen gbnr 128/86 og 128/87 på Mongstad: Dette arealet er tidlegare selt til ein utbyggjar som ikkje har sett i gang utbygging (men arealet er planert). Kommunen er i kontakt med vedkommande eigar, ser på om det er mogleg å krevja dette tilbakekjøpt. Rådmann Liv Løvnik sa at byggesakshandsamar/jurist Thomas Lindås vil sjå vidare på det juridiske i denne saka, for å sjå kva som er kommunen sine moglegheiter her.

Om gbnr 130/159 og 130/160 sa Asbjørn Toft at det her er eit større område som er under regulering. Det vert levert planframlegg innan nyttår, det vert levert av ABO Arkitektur. Per Lerøy sa at Mongstad Vekst vil tilby Austrheim Næringssselskap å kjøpa tilstøytande areal sør for dette. Dette kan verta gjort som ei delutbetaling av Austrheim Næringssselskap sin del av Mongstad Vekst.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om kvar dette arealet får vegutløysing, Toft svara at ein vil prøva å ta ut 2/3 deler av trafikken mot rundkjøringa på Mongstad.

Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig å ha tilgjengeleg næringsareal rundt Mongstad der ein kan sleppa inn ulike aktørar.

Om gbnr 130/179 sa Asbjørn Toft at dette arealet er regulert til bustader. Kan vera verdt rundt 2,5 million kroner.

Inger Lise Brekke (H) spurte om dette arealet vert selt samla eller stykkevis som tomter. Per Lerøy (Ap) svara at andre areal av denne typen er selt samla til ein utbyggar. Det er det enklaste å gjera.

Asbjørn Toft viste til at for å selja som tomter må ein hyra inn entreprenør for å gjera grunnarbeidet, for så å selja, og sa at det er ganske mykje arbeid med dette.

Per Lerøy oppsummerte diskusjonen med at det var semje om sal av dette arealet (gbnr 130/179).

For ein del andre areal som i rapporten stod som mogleg for sal, så er dette lengre fram i tid.

Gbnr 149/25 Kunsthuset: Her har kommunen rundt 50.000 kroner i årlege utgifter. Taket er OK, men det er rapportar frå elektrikar om at ein bør gjera oppgraderingar for fleire hundre tusen. Assisterande rådmann Olav Mongstad sa at ein har vore i kontakt med Kunsthuset Austrheim og Kyst- og sogelaget om dei vil overta dette bygget som ei stifting, men dei kom tilbake med svar om at dei ikkje var interesserte.

Inger Brekke (H) sa at kommunen som utleigar må sjå til at bygget er i bra stand, om det skal leigast ut. I den økonomiske situasjonen Austrheim er i no, så bør dette seljast.

Om kunsthuset sa Per Lerøy at ein gjerne kan selja, men må sikra seg at det ikkje står til forfall midt i bygda.

Liv Løvvik sa at dette bygget må vegast opp mot lovpålagte tilbod, her står det mellom dette eller til dømes lager på Nordliheimen. Om ein skal eiga bygget vidare må det vera universelt tilpassa, og det er omfattande kostnader for å sikra universell tilkomst med meir.

Om gbnr 156/164 i og ved Heiane-feltet sa Asbjørn Toft at ein jobbar med planlegging, det skal vera klart til sommaren 2020. Det kan komma rundt 15 bustader i dette arealet ved bustadfeltet Heiane, også etter at ein tek omsyn til soltilhøva og berre legg ut dei beste areala.

Om gbnr 165/54 sa Asbjørn Toft at det er mogleg å bygga ut eit lagerbygg i tillegg til nausta, eventuelt i eit samarbeid med VGS, og at ein sel lagerbygget etterpå. Assisterande rådmann Olav Mongstad sa at ein kan vurdere å etablera eit kommunalt båtlag, for drifta av dette området.

Om gbnr 142/85 sa Asbjørn Toft at her krevst det regulering. Skal det byggast ut noko rundt Ekornsåta, vil nok Statens vegvesen (SVV) setja krav om 50 meter buffersone, og det kan komma rekkjefølgjekrav frå SVV om mellom anna gangbru over til den sida som skulen ligg på. Gangbrua som vert bygd no (Vardebrua over fylkesveg 565, klar i mars 2020) løyser ut ein del tomter, mellom anna i Nordre Fønnesvågen. Det er også tomtereserve på Kaland-sida.

Om gbnr 131/195 sa Toft at det er viktig at kommunen eig dette arealet som parkeringsreserve for

Park and ride, samt framtidig parkering for kommande eldrebustader på Kaland.

Om Austrheim Arbeidssenter orienterte Monika Kvamme om bruken. Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at dette er noko det er naturleg at kommunen heldt på, som eit sentrumsnært areal. Asbjørn Toft sa at dette arealet ligg ved Furuly og skulen, og at det er viktig at kommunen eig dette.

Om gbnr 143/101 sa Olav Mongstad at der er interesse for det arealet som ligg framfor Sætremarka, for utbygging av 8 nye eldrebustader. Inger Brekke (H) sa at dette arealet, saman med det rundt arbeidssenteret, bør venta på revisjon av eldremeldinga.

Rådmann Liv Løvvik viste til at med nye bustader her kan eldre bu heime lengre, det er gjerne rimelegare for kommunen som tenesteytar, og bra for dei som ønskjer å bu heime så lenge som mogleg.

Monika Kvamme sa at denne typen bustader er aktuelt for fleire grupper, ikkje berre eldre. Mindre bustader kan vera aktuelle også for unge og andre grupper.

Per Lerøy (Ap) oppsummerte diskusjonen med at dei sentrumsnære areala må ein venta med å selja.

Om gbnr 156/24, kyrkjelydshuset, sa Helge Dyrkolbotn (KrF) at det står att ein del vedlikehald av bygget. Rådmann Liv Løvvik sa at ein må ta opp med soknerådet om det kan vera aktuelt at dei har kontor andre stader.

Om eigedommar som er leigde ut til flyktningar sa Per Lerøy at ein gjerne bør selja desse til dei som bur der, så tar desse det etterfølgjande vedlikehaldet sjølv. Rådmann Liv Løvvik støtta tanken. Inger Lise Brekke (H) sa at det må vera slik at dei har moglegheit til å betala for desse låna sjølv, dersom kommunen skal selja.

Asbjørn Toft sa at ein bør også gå ut til andre grupper med dette tilbodet, om å kjøpa bustaden ein leiger.

Rådmann Liv Løvvik sa at tilbodet bør vera slik at dei som bur i bustaden i dag, får tilbod om å kjøpa denne.

For oversikta over eigedommar kommunen leiger skal det gjerast ei retting, i LHL-bustadene så eig kommunen tre leilegheiter, det er ikkje leige slik det står i rapporten.

Inger Lise Brekke (H) spurte om kva tidshorisont det er på sal av eigedommar/stopp av leige. Liv Løvvik svara at det vert eit pågåande arbeid i åra framover med å finna nye moglege innsparingar.

Rådmann Løvvik sa at ein gjerne bør ta leige for båtplassar, og fekk støtte av Inger Lise Brekke. Helge

Dyrkolbotn sa at ein tek inn ein del midlar årleg i leige av bubilplassar i Mastrevik, midlar som ein deler med Austrheim eigedomsselskap. Vipps-løysinga som blir nytta for bubilar kan nyttast også for båtplassar.

Per Lerøy (Ap) oppsummerte diskusjonen om leigeavtalar med at administrasjonen ser kritisk på dei ulike avtalane kommunen her.

Handsaming i formannskapet:
Sams for rådmannens framlegg.

FS - 088/19 - 04.11.2019 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek prosjektrapporten for strategisk eigedomsforvaltning til vitande.

089/19: Arbeidsmøte formannskapet - Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram til drøfting.

04.11.2019 FORMANNSKAPET

Olav B. Andersen viste til arbeidsprosessen som pågår med budsjettet for 2020.

Neste møte dette skal opp i er torsdag 21. november, og formannskapet gjev sin tilslutnad til at papira kan sendast ut med ei veker frist (torsdag 14. november), mot normalt to vekers frist.

Andersen gjekk gjennom tala for 2020. (Sjå presentasjon og tal som låg med i innkallinga).

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at Austrheim kommune kan få kring 5 millionar kroner for sin eigardel på 25 prosent i Mongstad Vekst, når dette selskapet vert avvikla. Kan også vera at kommunen får tilbod om å verta løyst ut gjennom overtaking av eit areal på Mongstad, saman med ein kontantsum.

Olav B. Andersen presiserte at det er usikkert om alt utbytte kan førast i drift, eller om det skal inn i investeringsrekneskapan. For økonomiplanperioden 2020-2023 viste Andersen til at summen for eigedomsskatt går nedover, integreringstilskotet forsvinn ut, utbytta frå Mongstad Vekst tar slutt, og andre frie inntekter vert reduserte. Kommunen må ned frå 199.920 millionar til drift i 2020, til 182.497 millionar til drift i 2023. Austrheim har kutta seksten årsverk allereie, skal ein nå ned til denne summen i 2023 må ein ta ti årsverk i året framover. Løn utgjer 70 prosent av driftsutgiftene for kommunen, så det er talet på tilsette som er avgjerande.

Rådmann Liv Løvvik sa at ein kommune av Austrheim sin storleik bør ha 30 millionar på disposisjonsfond. Først bør ein bygga opp dette, og så jobba for å betala ned på gjeld. Kommunen må ned 31 millionar i gjeld for å komma ned på snittet for alle kommunar, eller ned 26 millionar for å komma ned på snittet for kommunegruppe 2.

Løvvik sa om kostnader til barnevern at det har gått over budsjett i 2019, og at målet er å setja inn tidlegare tiltak for å få lågare kostnad enn i dag.

Olav Mongstad sa at ein før nedtrekket som vart gjort i 2018/2019 låg 10 prosent over snittet på lønsutgifter for kommunar, men at dette no har gått ein del ned.

Inger Lise Brekke (H) peika på at oppseiingar kan føra til at folk flyttar ut av kommunen, slik at Austrheim taper skatteinntekter.

Morten Sognnes (H) etterlyste at ein må få inn fleire innbyggjarar og få opp skatteinntektene, og ikkje seia opp folk.

Olav B. Andersen meiner det er to muligheiter her: Anten trekka ned drifta med oppseiingar, eller vera litt lengre på Robek og bruka meir tid. Andersen ba formannskapet om framlegg på kva ein skal jobba vidare med.

Liv Løvvik sa at ein må jobba for å komma raskt ut av Robek, for å verta herre i eige hus.

Inger Lise Brekke (H) sa at ein må sjå på kva folk betaler for dei ulike tenestene dei får, og ha klare linjer her.

Helge Dyrkolbotn (KrF) etterlyste svar på kor dårleg kommuneøkonomien må bli før Fylkesmannen krev innføring av eigedomsskatt.

Liv Løvvik svara Dyrkolbotn: Trur ikkje Fylkesmannen vil pålegga kommunen eigedomsskatt. Det dette handlar om er at Austrheim må ned frå ein 110 prosent kommune til ein 100 prosent-kommune. Ein må bruka tala frå Telemarksforsking-rapporten, som viser kvar ein skal ned, og opp. Enkelte område brukar Austrheim mindre enn andre kommunar, til dømes viser rapporten at ein brukar 7,9 millionar mindre enn normert på heimebuande eldre.

Inger Lise Brekke (H) sa at når kommunen har vore "snill" veldig lenge, så blir ein "slem" når ein gjer noko. Oppfordra til å appellera til frivillige organisasjonar, og vidare å sjå på kva som skal vera reint kommunalt tilbod.

Olav Mongstad sa at tidlegare har ein tatt ned bemanninga i barnehagar, og er heilt nede på grunnbemanninga i barnehagane. Austrheim har vidare ei dyr legeteneste, har tatt den litt ned, men det er ikkje enkelt. Kommunen brukar mykje ungdomstilbod, det er ikkje lovpålagt, men er flaggskipet for Austrheim. Det ein mellom anna kan gjera er å flytta drift frå Nordliheimen og ut til heimetenester.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det som får folk til å flytta til Austrheim er nettopp skule/barnehage og ulike tenester som ikkje er lovpålagde. Med kutt her, kva er det som skal få folk til å flytta til Austrheim?

Liv Løvvik sa om sjukeheimen at pasientane er sjukare enn før, men om dei ligg på Haukeland lengre enn naudsynt så kostar det kommunen 5.000 kroner døgnet per pasient.

Helge Dyrkolbotn sa om midlar til lag og organisasjonar at her får ein tigangen tilbake for det ein gjev. Dyrkolbotn sa at det er vanskeleg om det ikkje er mogleg å diskutera eigedomsskatt i den situasjonen kommunen er i. No vert det kutta ikkje berre til beinet men til margen. Kanskje er det betre å innføra eigedomsskatt i denne perioden, og ta det som eit felles løft. Trur dei fleste innbyggjarane vil godta dette.

Olav B. Andersen svara Dyrkolbotn med at ved ei innføring av eigedomsskatt kunne Austrheim ha hatt 2,5 million meir i 2020, 5 millionar meir i 2021, 7,5 meir i 2022, og 10 meir i 2023.

Inger Lise Brekke (H) sa at det ikkje var eit mål å få opp inntektene for å halda fram med dagens drift, ein må heller ta nedtrekka for å komma ned på normert nivå. Brekke sa vidare at ho er skeptisk til å kutta i einingar med fagmiljø, som barnehage/skule/helse, det vil gjera det mindre attraktivt å jobba der. Seier nei til å diskutera eigedomsskatt, det er ein usosial skatt som nokre må kompensera for, og det gjev også byråkratisering.

Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om at administrasjonen finn tal på kva innføring av eigedomsskatt kan bety for kommuneøkonomien i dei neste fire åra.

Morten Sognnes (H) ba om tal på kor mange nye skattebetalarar Austrheim må ha for å dekkja underskotet i økonomiplanperioden.

Olav B. Andersen sa at det er kutta med i alt seksten stillingar, og sa at ein ikkje kan seia opp fleire utan at det går ut over kvaliteten.

Per Lerøy (Ap) spurte om kva det er Austrheim brukar meir pengar på innan drifta enn andre

kommunar. Austrheim har ei kyrkje, to skular og to barnehagar, andre har meir.

Liv Løvvik sa at det samla forumet må komma med gode idear til løysingar. Og vidare at når noko skal trekkast ned så må ein stå for det. Løvvik sa vidare at Austrheim ikkje er den kommunen som brukar minst på ungdom/kultur.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er nokre kutt ein kan tola i ein periode, og så komma tilbake til. Kan ein til dømes for kyrkja gå hardt ned for ein periode, og så ta det opp att, eller ungdomsarbeidet?

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at slike svingingar ikkje er lett, til dømes om ein skjer ungdomsarbeidet heilt ned, er det ikkje sikkert det let seg gjera å auka opp igjen dette om fire år.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) sa at dersom ein kuttar i ein perioden, kva har ungdommane starta med i desse fire åra. Det arbeidet som vert gjort for ungdommar i Austrheim har fungert veldig godt førebyggjande.

Liv Løvvik sa at ho ser utfordringane med kutt i ungdomsarbeidet, men dette må ein sjå opp mot at det manglar midlar til å bygga medisinlager på Nordliheimen.

Inger Lise Brekke (H) etterlyste tal på kva det er mogleg å spara på skulesamanslåing.

Olav Mongstad svara at den kommande åttandeklassen på Kaland vil administrasjonen flytta til Årås, som eit pedagogisk grep for dette eine skuleåret 2020/2021. Det har litt spareeffekt, 350.000 i 2020, og vidare til 750.000 i 2021. Ei samanslåing permanent vil ikkje gje store innsparingar, når ein likevel må ha to parallelle klassar på kvart trinn. Ei samanslåing av skulane kan gjerast på to måtar, alle på ein gong eller trinn for trinn.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein må jobba for å slå saman ungdomstrinnet, og det må skje raskast mogleg for å få effekt så raskt som mogleg.

Morten Sognes (H) sa at det er greie grep som vert gjort no for åttande klasse Kaland. Om det skal gjerast for alle ungdomsskuleelevar, er han usikker på om denne fellesskulen bør ligga på Årås eller Kaland. Det må vurderast vidare om det bør etablerast her eller der. Kaland har ein fordel med nærleik til næringslivet, noko som er viktig for å skaffa plassar til dei som ikkje kan vera på skulen alle dagar.

Liv Løvvik sa at det er krevjande å ha godt skulemiljø om det er så små klassar. Dessutan er det viktig for ungdommane å kjenna kvarandre på tvers av skulekrinsane. Nærleik til næringslivet er viktig, men kanskje meir i VGS der det er viktig for å unngå drop-out. For Kaland vil Løvvik vurdere utgreiing av eit oppvekstsenter, med samla leing for barnehage og skule opp til mellomtrinnet.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte kvifor Kaland er justert opp i budsjettet, Olav B. Andersen svara at her var det for sterkt kutta tidlegare. Olav Mongstad la til at ein ser at skulen treng merkantil ressurs. Liv Løvvik supplerte med at ein ser på eit samarbeid om merkantil stilling mellom Kaland skule, Årås skule, Nordliheimen og Servicekontoret.

Bygdelista i Austrheim hadde før møtet levert eit skriv om eventuell nedlegging av Skyss-ordninga til Aufera på Manger. Liv Løvvik sa at det er rett at det er tatt ned 450.000 kroner til Skyss Aufera, meininga er at ein skal slutta med skyssen og selja bussen. Vurderinga er gjort på grunnlag av brukarane kan ta vanleg buss, det må tilsette i andre VTA-bedrifter klara.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) etterlyste korleis ein skal få Årås-elevar skyssa til bading på Kaland dersom kommunen sel minibussen.

Olav Mongstad sa at det tidlegare har vore utgreidd å ha ei eiga Aufera-avdeling i Austrheim, ved Austrheim arbeidssenter, og at dette kanskje er noko Austrheim og Fedje kan komma i gang med no.

Elles er det slik at fylkeskommunen si støtte til arbeidsreiser for VTA-tilsette har som føresetnad at brukaren ikkje er i stand til å bruka vanleg kollektivtransport. Og denne støtta har fylkesrådmannen i tillegg lagt opp til å kutta frå 2020.

Monika Kvamme presiserte at Austrheim har utgifter til VTA-plassane ved Aufera også utover skyss.

Om frivilligheit sa Liv Løvvik at det er ønskjeleg å flytta denne innsatsen over frå kultur og tettare på pleie og omsorg. Kommunen må vera tydeleg på kvar det er behov for frivillig innsats. Trur det er potensiale for meir frivilligheit.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at frivilligheit må vera på frivilligheiten sine premissar, det må vera lov å seia at "nei i dag passar det ikkje".

Inger Lise Brekke (H) sa at kommunen må vera tydeleg på kvar det er behov for frivillig innsats.

Olav B. Andersen spurte om han hadde riktig forståing av debatten om han i det vidare arbeidet såg på tre utvegar: Inntektsauke gjennom tilflytting, inntektsauke ved eigedomsskatt, eller kutt der ein først gjer nedtrekk i ikkje lovpålagde tenester.

Olav Mongstad sa om Robek-plasseringa at Austrheim i utgangspunktet treng 4,9 millionar i overskot i 2019 for å komma ut av Robek, men Fylkesmannen har sagt at med overskot på 3,8 millionar så held ein fram med styring under Fylkesmannen, og ikkje vert sett under departementell kontroll.

Liv Løvvik sa at ein vil sjå på "alle bekkar små", kanskje er det noko som kan seljast raskt, kan ein opna bassengsesongen først etter oktober, med meir.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om formannskapet kan møtast igjen før neste møte 21. november dersom det trengst vidare diskusjonar. Per Lerøy (Ap) svara at det kan formannskapet dersom administrasjonen meiner det er naudsynt.

FS - 089/19 - 04.11.2019 - Vedtak:

Formannskapet drøfta framlegget til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023. Administrasjonen jobbar vidare med dette.

002/19: Orientering om masseuttak ved Leirvågkrysset

Rådmannen sitt framlegg:

04.11.2019 FORMANNSKAPET

I samband med gjennomgangen av kommunale eigedommar orienterte administrasjonen kort om saka ved industriområdet ved Leirvågkrysset, der masseuttak utført av entreprenør Odd Haugen har gått ut over hans areal og inn på det kommunale arealet. Ein har vore i kontakt med entreprenøren i saka.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det må vera skriftleg dokumentasjon av kontakten, og at kommunen må

sjå til at uttaket ikkje held fram.

Inger Lise Brekke (H) sa at det å tilbakeføra alle massane er ikkje mogleg, men entreprenøren kan tilbakeføra gevinsten/verdien han har fått ved å selja desse massane. Denne verdien er kommunen sin. I tillegg må entreprenøren ta ansvar for å leggja på jord for å dempa inntrykket av masseuttaket.

Asbjørn Toft sa at uttaket vert handsama som ulovlegsak, men at det må gjerast med kløkt og med det juridiske på plass. Toft la til at i denne saka er kommunen både part og forvaltingsmynde.,

Morten Sognes (H) sa at ein bør komma til ei semje med vedkommande.

Assisterande rådmann Olav Mongstad sa at i liknande saker tidlegare har ein komme fram til minnelege avtaler, ein har ikkje brukt politimelding.

Administrasjonen skal jobba vidare med denne saka.

FS - 002/19 - 04.11.2019 - Vedtak:
